

Vilkårsrevisjon - oversikt innspel 2016

Vinje	Seljord	Kviteseid	Tokke
Liten påverknad i Vinje	Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fiske, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vere til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.	Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø, friluftsliv og kulturminne. Fondet må fordelast til kvar kommune og ska vere avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.	Konsesjonæren må påleggast å betale ein sum til eit miljøfond til fremje av fisk, miljø og friluftsliv knytt til vassdraget.
Kanskje noko attgroing i eit par vatn i Øyfell.	Stabil vasstand i Sundsbarmvatnet i tida 15.6.-1.9. for å sikre omsyn til fiske og friluftsliv.	Pålegge konsesjonæren å utføre habitatsforberande tiltak i nedre del av Dalaåi.	Standardvilkår vert innført slik at styresmaktene har heimel for å pålegge avbøtande tiltak for ev nye skader og ulemper som måtte vise seg.
Unngå sterk nedtapping om sommaren av omsyn til fisk, landskap og friluftsliv.	Sikre at konsesjonæren oppdaterer og distribuerer draft/sjøkart for Sundsbarmvatnet. Sikre ålmenne interesser med enkle og moderne metodar for å setje ut båt i Sundsbarmvatnet ved høg og låg vasstand og lagre båtar.	Sikre at storaure og sik kan kome opp åa slik dei gjorde før reguleringa.	Justere opp konsesjonsvilkåra til dagens miljøstandard - mellom anna uttrykt i forvaltningsplanane som er utarbeidd i medhald av vassforskrifta.
	Langsiktige vedlikehaldsplanar for Sundsbarmvatnet slik at ein kan hindre erosjon langs strendene, oppsamling av rekved i bukter og vikar og syte for oppreinsk med jamne mellomrom.	Planen for habitatsforberande tiltak må ta omsyn til behovet for flaumsikring.	Målepunkt for minstevassføring i Ofteåi på 40 L/s vert flytt frå Høydalsmo sentrum til dam Hovdevatn.
	Opphoping av masser i elveleiet og attgroing må gjerast noko med ved revisjon.	Konsesjonæren må påleggast å sikre tilstrekkeleg vassføring i Dalaåi både sommar og vinter med tanke på gyteområda for storaure.	Effektive mottiltak mot attgroing i Oftevatn vert vurdert og ev. sett i verk.
	Bruke standardvilkår for naturforvaltning ved fisketiltak i vassdraget.	Restaurerande tiltak må gjennomførast i Morgedalsvassdraget etter ny plan.	Konsesjonæren må få pålegg om å få gjennomført ei uavhengig naturfagleg studie av minstevassføringa i Ofteåi og dei etablerte tersklar sett opp i mot målet i forvaltningsplanen om eit fungerande akvatisk økosystem.
	Endre manøvreringsreglementet for vassføringa i kraftverket. Endre vassinntaket i Sundsbarmmagasinet slik at det vert tappa overflatevatn med høgare temperatur.	Konsesjonæren må ha ansvaret for å vedlikehalde tiltaket.	Særleg må minstevassføringskravet og om (betong)tersklane hindrar fiskevandring vurderast nøye.
	Synfaring for FM, konsesjonære, kommunane og dei involverte i vassdraget saman med NVE.	Det vert kravd større minstevassføring i Morgedalsvassdraget for å betre miljøet for fisk og bremse attgroingsproblemet.	
	Sikre minstevassføring i Grovåi, Kivleåi, Valaåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi nedstraums Sundsbarmvatnet og Sandsetvatnet.	Minstevassføringskravet må gjelde frå dam Lintjønn.	Konsesjonæren må dekke kommunane sine utgifter til gjennomføring av denne revisjonssaka i tråd med praksis i vilkårsrevisjonar.
	Fornye gamle stiar og ferdsselsårer langs Sandsetvatnet.	Konsesjonæren må gjennomføre fiskeundersøking i nedre del av Dalaåi og Ågabet.	
	Ta utg.pkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi.		
	Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.		